

## Søknad om tilskot frå småsamfunnsmidlar for 2010

### Kontaktinformasjon

Kårbø er eit av hovudprosjekta i livOGlyst. Prosjektet varer til mars 2011.

Kårbøvågen bygdelag er søkjar.  
Oddveig Husebø er formann.  
Eirik Skurtveit er kasserar.  
Vigleik M. Ypsøy er prosjektleiar.

Adressa er: 5917 Rosslund

Organisasjonsnummer er: 993 769 231

### Bakgrunn

Når det gjeld punkta 1, 2, 6, 7 syner me til dialogmøte med arbeidsgruppa for livOGlyst 30. august og dokumentasjon under:

**Dialogmøte 30. august kl. 12.00 på Kårbø med arbeidsgruppa for**

2011

*LivOGlyst*

### Aktuelle saker:

**Gjennomførte tiltak – Handlingsplan for resten av prosjektet – Lokale behov –  
Deltaking på felles kompetansetiltak – Prosjektleiinga internt og eksternt –  
Kårbø etter livOGlyst**

### Gjennomførte tiltak

- Kårbøvågen bygdelag – Kårbødagen – Næringsgruppe – Inkludert hyttefolket – Kompetansestyrking – Funne identiteten (Eldmerket) – Nettverksbygging – Heimeside – Samarbeid med nabobygder – Møteplassar – Næringsutvikling – Attraktive varer og tenester – Teke i bruk Allhuset – Opprusting av kai og veg – gjenopning av gamal geil – Bygging av skogsveg – Restaurering og nybygging – bilar og båtar – Maskiner og verktøy ..

## **Lokale behov**

- Veglys

## **Deltaking på felles kompetansetiltak**

- Coaching – Prosjektleiing – Heimesider – Nettverksbygging

## **Prosjektleiing internt og eksternt**

- Særdeles godt samarbeid internt i bygda og Meland kommune. (Enkelte gonger mindre forseinking av tiltak grunna kapasitetsproblem)
- Godt samarbeid med arbeidsgruppa siste året. (Har tidvis våre vanskeleg å få dialog tilbakemeldingar og avklaringar) (Vanskeleg for økonomiansvarlege å få oversikt)

## **Kårbø etter livOGLyst**

- Fortsette det gode arbeidet internt i bygda med bygdelaget og Kårbødagen. Trivselstiltak turveggar og møteplassar  
Fortsette og utvikle næringane. Bygge nettverk. Samarbeid. Produktutvikling. Marknadsføring. Få med kvinner – ungdom – innvandrarar. Samarbeide med andre prosjekt.

# Kårbøvågen

*-bygda med omsorg for natur, kultur og menneske-*

## Handlingsplan 2010 - 2011

### Kårbøvågen bygdelag

Leiar: Oddveig Husebø.

Handlingsplan:

- **Administrering i bygdelaget.**

*Viktige milepelar: Vurdere organisering og arbeidsgruppene. Avklare arbeidsoppgåver.*

- **Sikre framtidig bruk av allhuset.**

*Viktige milepelar: - Finne finansieringskjelder for reparasjonar og vedlikehald. Reglar for bruk.*

- **Kårbø kai.**

*Viktige milepelar: - Avklare bruk med kommunen. Finne løysingar på parkeringsproblema.*

- **Kårbødagen 2011.**

*Leiar: Arne Rene Bratland. Viktige milepelar: - Finne tidspunkt, Finne fleire hjelparar., Lage aktivitetsplan (Nytt – loppemarknad – salg av lokale produkt i ridehall)*

- **Veglys.**

*Viktige milepelar: - Ordne finansiering. Bestille lys.*

- **Møteplassar – turvegar.**

*Viktige milepelar: - Kartsetting. Organisering.*

## Næringsgruppa

Leiar: Jan Atle Tvedt.

Handlingsplan:

- **Ridehall.**

*Viktige milepelar: - Lønnsam drift av hallen. Bruksområde.*

- **Fiskebåten "Kårbøbas"**

*Viktige milepelar: - Godkjenning for bruk til fiske, reiseliv, kurs m.m. Samarbeid med andre næringar på Kårbø og nabobygder. Testgrupper.*

- **Lokale for produksjon, servering og tenester på Stølen.**

*Viktige milepelar: - Utarbeide forretningsplan. Finansiering. Byggjeløyve. Prosjektstyring.*

- **Vidare satsing på frukt, grønsaker, vedproduksjon og hjort.**

*Viktige milepelar: - Eigna lokale. Løysingar på distribusjon, salg og marknadsplassar*

- **Kompetanseheving – entreprenørskap i kulturlandskap – nettverksbygging – samarbeid.**

*Viktige milepelar: - Samarbeid med Ypsøy kystgard, prosjektet "Unge bønder" m-fl.. Møteplass. Aktivitetar. Lavterskeltilbod for ungdom, kvinner og innvandrarar i Meland kommune og Nordhordland.*

## Kystlaget

Leiar: Jegvan Kårbø.

Handlingsplan:

- **Delta på Kårbødagen.**

*Viktige milepelar: - Møte med bygdelaget om aktivitetar, utarbeide aktivitetsplan for dagen.*

- **Finne betre lokalitetar for laget.**

*Viktige milepelar: - Kartlegge behovet, Sjå etter ledige lokale i bygda, Samle alle gjenstander i lokalet, Invitere til "nyåpning" av laget.*

## Hyttegruppa

Leiar: Eirik Skurtveit.

Handlingsplan.

- **Arbeide vidare med parkeringsproblemet.**

*Viktige milepelar: - Få ei dialog med kommune om kva område som kan vera aktuelt, Få til eit møte med aktuell grunneigar, Leggje ein plan for gjennomføringa.*

- **Få til ein dialog med bygdelaget.**

*Viktige milepelar: - Informere kvar enkelt om bygdelaget sitt arbeid, Få flest mogeleg til å bli medlem i bygdelaget, Kartlegge eventuelle behov hjå hyttefolket, Delta på møte med bygdelaget.*

## Generelt

LivOglyst Kårbø er no inne i sitt siste år. Prosjektet vert avslutta i mars 2011. Det er likevel mogeleg å søke om midlar gjennom andre ordningar både for bygda og for den enkelte næringsdrivande.

På Kårbø har me fått mykje til med lite ressursar. Her ligg det eit fundament å byggja vidare på både for bygda og for dei næringsdrivande. Berekraft, natur, miljø må liggja i botn, samstundes må ein ha kvalitet i alle ledd.

Bygdelaget må fokusere på bulyst for fastbuande, hyttefolk, tilreisande og potensielle tilflyttarar. Det må lagast møteplassar og ein må sette i gang tiltak som er samlande for heile bygda.

Næringslivet på Kårbø har eit enormt potensiale. Det syner testsala som er gjort både i Nordhordland og i Bergen. Det er store moglegheiter for å kunne skape varige arbeidsplassar på Kårbø for den som vil satse.

Gjennom livOglyst prosjektet har me opplevd kor viktig det er med samarbeid, nettverk og tilføring av kompetanse.. Ein del av ressursane i prosjektet bør difor brukast til å vidareføra noko av dette.

Ypsøy, 23.08.10

Vigleik M. Ypsøy  
**Prosjektleder**



## **4. Mål og aktivitetar utover opphavleg livOGlyst prosjektplan**

### **1. Entreprenørskap i kulturlandskap (EiK).**

Næringsgruppa har det siste året arbeid med idear for utvikling av berekraftige arbeidsplassar knytt til kystens natur – og kulturlandskap.

I arbeidet har ein samarbeidd med m.a. Meland kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Bondelaget, Ungt Entreprenørskap og andre prosjekt i livOGlyst. Formålet er å skape bulyst ved hjelp av natur – og kulturbasert næringsverksemd.

Det er eit stort udekkka behov i marknaden for varer og tenester som vert produsert i kulturlandskapa. Samstundes ligg store ressursar som kunne vore nytta til berekraftig verdiskaping ubrukte. Mange gardar i distriktet er i dag truga av forgubbing og nedlegging.

Det er dokumentert at mange ungdommar, kvinner og innvandrarakar ynskjer å arbeide på gard. Dei fleste av desse må i dag finne seg eit anna levebrød.

Me vil medverke til at desse gruppene skal få sleppe til på bruka i regionen fordi me trur at det vil styrke framtida til distriktsjordbruket og fordi me trur at det vil sikre ei betre forvaltning av kulturlandskapets egne verdiar.

Me vil:

- Skapa ein møteplass for dyrking av positivitet, nytenking og pågangsmot.
- Ha "open dør" mentalitet der alle vert møtt med velvilje.
- Bygga nettverk både for dei som arbeider på gard, dei som skal arbeide på gard og dei som vil arbeide på gard.
- Kartleggja gardar som har behov for "nye kostar".
- Byggja eit kompetansesenter for EiK.
- Kartleggja gardar som er opne for innsyn i gardsdrifta.
- Sjå på konkurrentar som ein ressurs og som ein potensiell samarbeidspartnar.
- Kartleggje gardar der interesserte etablerarar for ei stund kan ta del i arbeidet.
- Bruke våre nettverk for å kartleggje brukargruppene.

Målet er at desse tiltaka skal medverke til auka busetjing, nye arbeidsplassar og velstelte kulturlandskap på gardsbruk i regionen.

### **2. Kompetansesatsing for dei næringsdrivande for vidareutvikling av næringane.**

Deltaking i livOGlyst har medverka til utvikling av nye varer og tenester både på Kårbø og i nabobygder. Me har erfart at alle produkt som har borte testa ut på marknaden har våre ein suksess. Dette har gjeve dei næringsdrivande pågangsmot og tru på framtida. Alle dei næringsdrivande som har vore involvert i prosjektet har difor sett i gang ein prosess for å vidareutvikla næring på eigen gard.

Denne prosessen inneber mange utfordringar for dei involverte. Drift av eksisterande næring samtidig som ein skal utvikle ny næring er ressurskrevjande.

Småsamfunnsmidlane kan difor medverke på ein positiv måte ved at næringane får tilgang til naudsynt kompetanse undervegs.

### **3. Kompetansesatsing mot småsamfunnsutvikling.**

Kårbø er ei lita bygd. Det er også Landsvik, Bratshaug, Husebø, Skjelanger og Ypsøy. Likevel ser ein at dei klarar å få til mykje. Skjelanger hadde tidlegare årlege aktivitetsdagar med mykje moro for store og små som trekte folk frå heile området. Dei siste åra har dei ikkje fått dette til. Truleg grunna mangel på ressursar.

Kårbødagen vart starta som eit resultat av livOGlyst. Dette har skapt ny giv i bygda. Bygdelaget greier med dette arrangementet å få heile bygda til å samlast. Kårbødagen har og skapt positive ringverknader i form av m.a.:

Opprusting av gamle ferdisleårer, nytt postkassestativ og informasjonstavler, nye møteplassar med bord og benkar, utvida nettverk for dei involverte, positiv omtale av bygda via media, positive tilbakemelding frå ordførar og kommunale etatar, betre kontakt med nabobygder m.m.

Suksessen til Kårbødagen har også ført til mykje arbeid for ei lita bygd. Skal den positive utviklinga halda fram må det tilførast fleire ressursar og personar som kan hjelpe til. Det trengs meir kompetanse på drift og leiing av kulturarrangement, rydding av stiar, gjerding, motorsag, hygiene, marknadsføring, opparbeiding av møteplassar i kulturlandskapet, økonomi m.m.

### **4. Utvikling av "Eldmerket" og identiteten til bygda.**

Marknadsføring, profilering, synliggjøring og distribusjon er viktig når varer og tenester skal ut i marknaden. Scandinavian Surface var ute på Kårbø ei helg i fjor. Dei medverka til å synleggjera kva som er grunnpilaren for næringane og bulyst i bygda:

Omsorg for natur, kultur og menneske, eldsjeler, Eldsfjellet som eit symbol for å finna tilbake til røtene, ein plass for å henta nye krefter, rekreasjon...

Her ligg det fantastiske moglegheiter og eit potensiale som må arbeidast vidare med. Me ønskje å bruka deler av midlane til dette.

### **5. Prosjektleiing/ adm./ og deltaking på kommunalt – og fylkesnivå.**

Noverande prosjektleiar kom inn i prosjektet hausten 2008 og har takka ja til å fortsette arbeidet etter mars 2011 dersom prosjektet får tilført midlar. LivOGlyst Kårbø har hatt ei godt utvikling og spesielt siste året. Det er skapt eit godt fundament for framtida. Tilføring av ressursar vil både kunne sikre gjennomføring av pågåande tiltak (sjå handlingsplan) og legge til rette for mange nye som beskrive over. Samarbeidet med kommune og fylke er godt og vil kunna utviklast vidare. Det er opparbeid eit stor nettverk som skal nyttast i det framtidige arbeidet.



## 5. Budsjett med kostnadsoverslag

|                                                                    |               |
|--------------------------------------------------------------------|---------------|
| 1. Entreprenørskap i kulturlandskap.                               | Kr. 150.000,- |
| 2. Kompetansesatsing mot dei etablerte næringsdrivande.            | Kr. 50.000,-  |
| 3. Kompetansesatsing mot småsamfunnsutvikling.                     | Kr. 50.000,-  |
| 4. Utvikling av eldmerket og identiteten til bygda.                | Kr. 50.000,-  |
| 5. Prosjektleiing/ adm. og deltaking på kommunalt - og fylkesnivå. | Kr. 300.000,- |

Totalt Kr. 600. 000,-

## Finansieringsplan

|                             |                |
|-----------------------------|----------------|
| LivOglyst tilskot frå fylke | 120 000        |
| Meland kommune (2011-2012)  | 40 000         |
| Eigeninnsats/Dugnad         | 80 000         |
| Stønad frå andre prosjekt   | 60 000         |
| Småsamfunnsmidlar           | 300 000        |
| <b>SUM</b>                  | <b>600 000</b> |

## Framdriftsplan

LivOglyst Kårbø som hovudprosjekt vert avslutta i mars 2011. Ved tilføring av småsamfunnsmidlar vil styret i bygdelaget i samarbeid med Meland kommune og prosjektleiar leggje ein plan for det vidare arbeidet fram til og med 2012.

Me ser føre oss at prosjektleiar er ansvarleg for punkt 1, 4 og 5. Formannen i næringsgruppa er ansvarleg for punkt 2. Formannen i Bygdelaget er ansvarleg for punkt 3.

Det må utarbeidast aktivitetsplanar, milepelsplanar og delmål.

Me har tru på at prosjektet som opphavleg vart starta i den vesle bygda Kårbø i Meland kan skape positive ringverknader for bygder, bedrifter og enkeltpersonar i heile regionen.

Med helsing

For Kårbøvågen bygdelag;

Vigleik M. Ypsøy  
prosjektleiar